

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Brynet

Oppskr. av: M. G. Mikkelsen

(adresse): Helle i Høgsfjord

Fylke: Rogaland

Herad: Forsand

Bygdelag: Espedal

Gard: øvre Espedal

G.nr. 48 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Namnet på bryne både er og hev vore Kvass-steinen. Frå dei eldste bryne me kjemmer til her frå bygdi. I gamle hirstuffer frå Sørkedalen og ellst ute på jordi i nærleiken av desse hiri (Desse hirstuffer eg her taler um er her frå øvre Espedal. Dette gamle sin hev lege heilt mørk like til for kring 20 år sidan. Då vart dei utgravne ved jorddyking) at ein hev funne desse kvass-steinane. Dei er på ein måte tilslippte av vanlig gråstein frå bygdi.

Den brynestein som hev vorte brukt so langt attende som requa går her i bygdi, so hev brynesteinen vorte innført. Den vart kjøpt hjå handelsmen i Stavanger.

1). Det vanlige ord for bryne er, Kvass-steinen (ein). og den brukar me til å kveddja med: eg kvatte, eg kved-e, og vil kvedd-ja. Den kvass-stein som hev vorte brukt dei seinste so hundrad år hev vore naturstein som hev vorte innført, berre no det siste kjøp er hev vore brukt litt kinnstein.

Hein var kjend som brynestein og vart på bygdemålet kalla Heiden, det var ein mørk stein, og mykje finare enn

Kvass-steinen. Den vart ikkje bruka til kvedjing av jær (ljar), men til knivar, høvlatenner og finare bitjern.

2). Stasjonsarten av Kvass-steinane som einno finnst i bygdi er av naturstein, men litt etter litt aiter det på med künstein.

Isbor, dette namnet minner eg at eg høyrde i min barndom kring 1900 talet at dei dæverandgamle folk tala um; men hev aldri høyrst gjete det seinare. Eg hev aldri virst at det vart nytta til byrne. Eg hev alltid trüdt at Isbor, var ein slags bor av hard stein til å bora hol i tre eller stein med (Eg hev det ikkje på nokon, men er berre dei tankane eg gjorde meg etter det som eg meinte dei gamle la i det). Her er ingen her i bygdi som hev handla med byrnestimar, og hev soleis ikkje hatt noka innkoma av det.

3). Alle reidstige vart no for tidiga me kan regja dei siste hundrad år vart fyrst slakte og so kvatte, dei grovane som oksar, ljar, sigdar vart i det heile berre kvatte med kvass-stein, men berre dei finare, som høvla-tenner og knivar vart det stykkevis bruka heiden til. Til barberknivar vart bruka berre heiden.

4) Fram til 1770 åri var den vanlige ljaen: Tynnle-jæn. Jæn vart etter at den var kvatt so lenge at den vart so tjukt i eggja, so hadde dei den i smia og byrde den ut. Men då kring 1770 åri

kjem slipesteinen, og då vart det kala iin so slags ljær: Tjursle-ljær, og Sliperljær, men det var ut for at slipeljær vart den gjevorte, men likevel heldt Tjursle-ljær seg fram til 1830 åri med det at me veit at Rasmus Torkelson Espedal dreiv på med byrning av ljær. Det er aldri vore fortalt at han eller andre hadde nokon særskildt ambolt til dette arbeidet. Då Rasmus Torkelson døyde i 1835 var det slutt med byrningi her i bygdi.

5) Eg hev aldri høgt gjete at her var nokon liten eller stor stein som dei brukte til å kvessa reidkappi sine på, men det er vel so alle stader at når ein er ute i skogen, og er ukveldig og skjemma öfri, og hev ingen byrnestein med, då er det vauligst at ein finn ei slitt flata på ein stein og byrnar öfri på den.

Slipesteinen stod alltid heime ved høisi på garden. Soleis og var det på stölen.

6). Her var ingi tid nor lenge det var millom kvar gang ein skulde slipa ljær. Var det sturt, steinutt, eller hardt leude, måtte det slipast ofte. Men var jordi steinfri og lausteit so künde det gå lenge millom kvar gang.

7). Til vauligst vart reidkappem berre kvatt. Men var det ein kniv ein skulde ha rektigt godt bët i, då brukte ein Skägga. Skägga vart helst laga av björk og fint tilretta på både side. Når kniven var slipt, kvatt, stötk ein

Den på Stråga sit ein fekk av Rone.
(Rone, det tygnaste iustlyste egg).

8). Når ljåen skal slipast vart den teken or ovret. Soleis vart det gjort både med stikkorvsljåen og langorvsljåen, men sigden står i ovret. Tid å festa ljåen til ovret vart bruka, antan ei vidja (ikkje no), ei lereim eller ein holk (holk = ein jarnring). Det er ikkje noko bestemt form for kva veg ein vender ljåen når ein slipar. Det vart rekna for at det er mein forligst for at det kan spretta sliperon på ånga når ein held ljåen innat, eller når ein held den ounda. Det er og det vanlige at den som sliper sit på motsvarande sida av den som drag.

9). Når stikkoren vart kvatt, vart den halden millom fisterne korslagd. Langoren står ein på sida av. Under kveddjingi held ein krosssteidin med høgre handi, og støyk eit drag under og eit over. Den vinstre handi held ein over ljåen, og fæl etter med den etter kvart som ein kvad.

10). No ber ein krosssteidin i lounmen. Er det sturt sputter ein gjerne på den for ein tek til. Er det dagg, støyk ein krosssteidin i graset. Men slår ein atkmed eit vatn, ein bekk so dypnar ein både ljåen og krosssteidin i vatnet. Men det fortelst at i den tid dei hadde tygnsljåen då bruka dei Skolpa med vatn i til å ha krosssteidin i. Skolpen fortelst

var eit horn av ein buekk som vart
boren i ei reim kring livet. Kokeis det
var tillaga hev eg aldri høyrst noko
iun. Heller hev eg ikkje høyrst gjete kor
skolpen hekk: antan bak eller på sida.

11 og 12). Sja 10

13). Som vanligt vart kvass-stein
vest med vatn, ikkje berre for lja, men
og til all annan reidkap. På Strågå
hadde ein ingenting. Her vart reidkapen
shaken mot turre treet.

14). Nei, me hev ikkje noko nemne
for for det mjølet som vart etter bryne.
Men etter sliping hev me - Slibegjød.

15). Nei, bryne-mjølet hev eg
aldri høyrst gjete vart nytta mot
nokon sjukdom.

16). Sja 15.

17). Her aldri høyrst gjete at ein
kvass-stein vart vorken verre eller betre
ved å leggja ein berent stein. Men det
er fortalt at der det skulde stå ein viktug
skifterstein, der skulde det leggjast ein
stabb av ein kvass-stein under

18). Nei.

19). Nei.

20). Nei.